



# Øystre Slidre Senterparti Valprogram 2019-2023

**Politikarane har det øverste ansvaret i kommunen** og kommunestyret er det høgaste beslutningsorgan. **Gode tenester og gode resultat** vert skapt i lag med dei tilsette. Difor er det viktig at vi har eit velfungerande samarbeid mellom politikarane og alle tilsette i kommunen.

Senterpartiet vil i komande periode få på plass **eit trepartssamarbeid** for å skape tettare dialog mellom tilsette, administrasjon og politikarane. Vi er også opptatt av **tillit** mellom politikarar og innbyggjarar, der openheit er avgjerande. Vi vil overføre kommunestyremøtene på nett, slik at alle kan følge møtene i det øverste politiske organ direkte. Senterpartiet er **opptatt av næringsutvikling** og tilrettelegging for verdiskapning for alle næringsdrivande. Kommunen skal levere gode tenester til både fastbuande og fritidsinnbyggaren.

Sp vil kjempe for **lokal forvaltning** over våre naturgjevne ressursar. Vi er opptatt av at selskap som kommunen er medeigar i, skal være politisk styrde av eigarane. Eit godt og balansert regionalt samarbeid er særskild viktig for utvikling av merkevara Valdres, og det skal Øystre Slidre bidra til. Den viktigaste jobben for Valdres som region og Øystre Slidre er etter Senterpartiets meining: **Å Skape Grunnlag For Positiv Folketalsutvikling!** Vi vil at folk skal bu og arbeide saman med oss, som synes Øystre Slidre er den beste plassen på denne jord.

*Øystre Slidre treng deg og me ønskjer deg hjarteleg velkomen til kommunen vår!*

## Helse for små og store

Senterpartiet vil styrke det **psykiske helse-tilbudet** i kommunen.

Alle i alderen **12-19 år** skal bli kalla inn til samtale med kvalifisert personell innan psykisk og fysisk helse ein gong i året.

Senterpartiet vil fylle **det nye Helsetunet** med nok varme hender med god fagleg kompetanse.

Me vil ta i bruk teknologiske løysingar som lettar arbeidskvardagen for dei tilsette og som gjev pleietrengande og pårørande god tryggleik.

Senterpartiet ønskjer å ta i bruk **Inn på tunet-tenester**, både som avlastning og supplement til dei kommunale tenestene.

Sp vil at det skal på plass eit **demensteam** i kommunen.

Me vil **styrke ordninga med heimeassistent** for praktisk hjelp for familiar med stor omsorgsbyrde.

Senterpartiet vil prioritere ressursar til meir samarbeid med den lokale frivilligheita for å auke livskvaliteten for dei eldre.

Sp vil yte press for å styrke og auke tilboda på **Valdres Lokalmedisinske senter**. VLMS skal være eit nært og viktig bindeledd til region-sjukehusa.



## Oppvekst – skule og barnehage

Barnehagestrukturen i kommunen skal sikre **barnehageplass til alle**, inntak heile året, og ein kvardag med kvalifisert personell og god oppfølging.

Vi skal ha **lærarar med rett kompetanse**, for å gjere elevene godt rusta til framtidig yrkesval.

Sp vil sikre trygge oppvekstvilkår i barnehagane og skulane med fokus på **godt samarbeid med heimane**.

Vi vil at kommunen skal sikre tilbud til våre ungdommar som **søker læreplass**.

Sp vil styrke stillingsressursen på **ungdomsklubben**.

Vi skal etablere **Skaparverkstad** der ein kan koble tradisjonelt handverk og nye moderne måtar og skape ting på.

ØS kommune skal inngå avtale med **Ungt Entreprenørskap**, slik at elevene får kunnskap om å etablere og drive ei bedrift.

Barn og ungdom skal ha ein **trygg skuleveg**. Senterpartiet vil prioritere problemområda og sørgje for at dette kjem inn i Trafikksikringsplanen.

Senterpartiet vil ha ei skule som nyttar **lokale og regionale** fortrinn og innføre arbeidslivsfag som valfag i ungdomskula.

Kommunen skal legge til rette for at personale i barnehage og skule får **tilbud om å ta relevant utdanning**.



# Næring og Næringsutvikling

Senterpartiet vil legge til rette for utvikling av **meir næringsareal** i kommunen.

Kommunen skal ta initiativ til, og delta på **møteplassar for næringsdrivande**.

Sørgje for **nok ressursar i kommuna** som har arbeidsfelt med næring og utvikling.

Rekrutteringsarbeid og dei tilsette i kommunen skal ha høg prioritet. Øystre Slidre kommune skal være en **attraktiv arbeidsgivar**.

Senterpartiet vil vere med å ta eit nasjonalt ansvar for **støling og stølstradisjonar**.

SP vil at det skal etablerast eit **nasjonalt ressurscenter på Løken** Forsøkgard for næringsliv i fjellbygdene.

Senterpartiet vil opprette eit **kommunalt landbruksfond** med årleg avsetning på 2 mill kr.

Sp vil få på plass ein **offensiv næringsstrategi** for all næring i Øystre Slidre.

Senterpartiet meiner at **eigedomsskatten for næring** skal være på same nivå som for hus og hytter – 2 promille.





## Fjell og fritid

Senterpartiet vil vere varsame med å ta i bruk nye og urørte områder til hyttebygging ved å legge til rette for **fortetting og utviding** av eksisterande hytteområder.

**Fjellgrensa** som er etablert i Beitostølsområdet skal bevarast.

Vi vil ha område som er prioritert for **beitedyr og friluftsliv** og ikkje utbygging.

Sp vil legge til rette for **møteplassar** mellom politikarar og deltidsinnbyggarane.

## Miljø og klima

Senterpartiet vil legge til rette for **auka beitebruk** i utmark.

Sp vil stimulere til reduksjon av **plastforbruket**.

Senterpartiet vil føre ein offensiv klimapolitikk ved å ha fokus på klima, miljø og utvikling i kommunale planer og drift.

Vi vil stimulere til auka bruk av **grøn energi**.

**Vinda** skal få renne fritt som i dag.





## Samferdsel og infrastruktur

Senterpartiet vil ha vinterbrøyta veg fram til Bygdin, men seier **nei til heilårsveg** over Valdresflye.

Vi vil at Øystre Slidre skal bli ei «Trafikksikker kommune», og vil med det jobbe for ein betre vegstandard og meir gang- og sykkelveg.

ØS kommune skal fortsetja som offensiv pådrivar for utvikling av **breiband**.

Sp vil legge til rette for ladestasjonar ved kommunale bygg/eigedom.

Sp vil bygge ut **Mellsenn** som drikkevasskjelde og samstundes bygge vassledning og vassforsyning for jordvatning med omsyn til beredskap.

Sp vil at det skal vera **eigna bueingar** for folk i alle aldre.

Vi ønsker å legge til rette for at ungdommen kjem seg trygt heim etter aktivitetar på kvelden etter modell «**Heim for ein 50-lapp**».

# Kultur og frivilligheit

Senterpartiet vil styrke **biblioteket** som gratis møteplass og kulturarena.

Vi vil støtte opp om våre **frivillige lag** og organisasjonar som har aktivitetar for barn, unge og eldre.

Sp vil støtte opp om arenaer for **breddeaktiviteter** innen musikk, idrett og kultur.

Vi skal fortsatt ha ei **kulturskule** med eit variert tilbud.



# Beredskap

Øystre Slidre Sp er opptekne av at fast busette og deltidbusette skal føle seg **trygge** på at hjelpa ikkje er langt unna når ein treng det.

Sikre gode rammevilkår, og stille krav til **Valdres brann - og redningsteneste**.

Politi med kort responstid og **nærheit til publikum**.

Vi vil jobbe for eit godt fungerande **ambulansetilbud**.

# Dette har Senterpartiet vore delaktig i

Det var SP sitt engasjement for **folkeavstemming** om kommunesamanslåing som førde til at me i dag har ein eigen kommune.


Sp ville leggje det nye Helsetunet på Raubrøtmoen. Etter at me tapte kampen om plassering, har Sp gått heilhjerta inn for å gjera **Øystre Slidre Helsetun** så bra som muleg.

Sp har vore pådrivar for den storstilte utbygging av **VA** som no pågår og som er planlagt framover. Dette er av stor verdi for heile kommunen.

Sp ville at ungdommen skulle få **nytt ungdomshus** på Furustrand. Også her vart me nedstemt, men me har i ettertid gange heilhjerta inn for ungdomssatsinga ved Gapahuken.

Lokale krefter drog igang ein aksjon i 2009 for å få **gang og sykkelveg** frå Rogne skule og nordover. Senterpartiet vart med og har vore ein pådrivar for å få den til slik den ligg idag.

# Våre 4 fyrste kandidatar



**Odd Erik Holden - 50**

Regnskapsfører, Rogne


Opptatt av samfunnsbygging med spesielt fokus på ein positiv befolkningsutvikling for Øystre Slidre. Folk i alle aldre skal busetja seg i kommuna vår og då må alle type bustadar finnast og attraktive jobbar tilgjengeleg.



**Kristin Krogvold Fystro - 30**

Robølbygda

For landbruk, klimainitiativ og gode omsorgssystemer.



**Arnfinn Beito - 55**

Skammestein

Vi skal være best på landbruk og næringsliv i vår region.



**Silje Døvre Roland - 18**

Student, Rogne

Trygg og god oppvekst for barn og unge.